

SAK 01/22 REGIONALT FRILUFTSRÅD.

Saksopplysning:

Regionalt friluftsråd (RF) vil vera eit kompetanseorgan innan friluftslivssaker i Hallingdal og eit bindeledd mellom kommunar og andre organisasjonar. RF vil sjå på innsatsområde for heile Hallingdal, på tvers av kommunegrensar og vil prioritere jamn innsats i alle kommunane over tid. Det er brei interesse for å etablere friluftsråd i Hallingdal, både hjå lag og foreiningar, organisasjonar, idrettslag, destinasjonsselskap og i dei fleste kommunane. RF er eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommunen og Friluftsrådernes landsforbund. Friluftsråd vil gje mykje attende til kommunane, både i tilførte prosjektmiddel, omsetning, auka bu - og blilyst, betre folkehelse og meir aktivitet for alle.

Alle kommunane i Hallingdal har gjennom felles «Handlingsplan for folkehelsearbeid 2018-2021», eller eigne kommunale handlingsplanar, vedtatt at det er ønskelig å etablere eit interkommunalt friluftsråd i Hallingdal eller at friluftsliv er eit viktig innsatsområde i lokale planar.

I «Felles handlingsplan for auka fysisk aktivitet for alle – «Aktiv i Viken 2021-2022» er det å støtte opp om etablering av nye interkommunale friluftsråd eit av tiltaka for å nå måla om meir fysisk aktivitet i befolkninga.

Viken fylkeskommune har uttalt at de har eit sterkt ønske om at det blir etablert friluftsråd i Hallingdal.

Vedtak i regionrådet 28. mai 2021: «Regionrådet er positive til Regionalt Friluftsråd og arbeider vidare med saka gjennom Strategisk plan».

Strategisk plan for Hallingdal 2022-2025: «Vurdere innføring av regionalt friluftsråd i 2022».

Det er utarbeid ein rapport som tek for seg etablering av friluftsråd i Hallingdal. I denne saka vil folkehelsekoordinator Magnhild Medgard Skår presenterte rapporten, og deretter vil Hallingtinget bli inviterte til å ta stilling til kva som skal skje med saka vidare.

VURDERING:

Hallingdal har ikkje hatt friluftsråd tidlegare. Rapporten viser at det er stor interesse for RF og det er gode attendemeldingar frå dei kommunane og regionane som har erfaring med ordninga. Friluftsråd kan med relativt moderat ressursbruk gje mykje tilbake til regionen. Gjennom ordninga kan ein etablere tiltak for barn og unge, som senkar terskelen for å drive friluftsliv, tiltak som fremmar aktivitet og gir folkehelsegevinst og som bidreg til at folk kjem til regioner, at dei blir her og trivast her. Eit friluftsråd kan også bidra til å nå berekraftsmåla, betre utnytting av ressursar og sette friluftslivssaker på dagsorden i regionen.

Økonomi

Basis for etablering og drift av alle regionale friluftsråd er kommunal kontingent, supplert med driftsstøtte frå fylkeskommunen og administrasjonsstøtte frå staten. I tillegg til dette kan ein gjennom ordninga få tilgang på friske midlar og tilskotsordningar

Med erfaring frå andre regionar kan ein truleg regne med følgande inntektsside:

Kommunal kontingent, 16-19 kr pr innbyggjar:	ca. 350.000-400.000 kr (80-100 % stilling)
Driftsstøtte fylke	ca 150.000-200.000 kr
Administrasjonsstøtte stat	ca 200.000 kr
Prosjektmidlar, stat, fylke, stiftingar:	ca 600 000 – 800 000 kr

Vedtak:

1. Hallingtinget rår kommunane til å prøve ut ordninga med regionalt friluftsråd og oppmodar kommunane til å budsjettere midlar til eit 2 til 3 årig prosjekt.
2. Ein ber dagleg leiar i samråd med rådmannsutvalet, utarbeide ei felles kommunestyresak om regionalt friluftsråd som går til alle kommunane i Hallingdal. Saka må opp så snart som mogeleg.

Hallingdal, 21. april 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar